



Sommarhelsing frå Rogaland Bygdekvinnelag

Snart er det ferie og mange vil leggja ned arbeidet i sommartida, og det er ærleg fortent.

Så mykje som de har stått på for å laga levande bygder, har det vore ei lyst å sjå på.

Nokon har kanskje tankar om korleis det vidare arbeidet kjem til å bli? For det er nok av aktivitetar å laga til, eller vera med på.

Framleis går prosjektet vårt «Bygdekvinner nyt(t)er maten» så det susar. Me i styret har hatt stor glede av å delta på nokre av arrangementa, og har planar om å vera med på fleire utover hausten.

Prosjektet tek slutt i utgangen av året, og då har me i styret sagt at nytt prosjekt ikkje vert søkt om i denne omgang, men me kan vera tilgjengelege om nokon treng å rådføre seg. Moglegheitene er mange, og det kan søkjast til m.a. Gjensidigestiftelsen, Sparebankstiftelsen, Studieforbundet Kultur og Tradisjon.

Til hausten frå 27.oktober til 5.november er det Bygdeløftet 2023. Dette er eit samarbeid mellom Noregs Bygdeungdomslag, Noregs Bondelag og Noregs Bygdekvinnelag. Planen er å løfta fram levande bygder med positivitet og skaparglede og viljen til å ta i eit tak for bygda. Her kan me få fram det bygda har fått til, kva me er gode til å få til, og ikkje minst visa fram det gode livet me har i bygdene, kven som er heltane og ungdomane som vil satsa. Det gjeld å vera kreative med å laga spanande og inkluderande aktivitetar. Inviter gjerne med nyvalde politikarar, eller avtal politikarmøte.

Det kan òg vera ein idé å avtala møter med nemnde organisasjonar eller andre for å planleggja Bygdeløftet.

Til hausten er det kommuneval, og i det høve er det bra å få fram kva me brenn for, som beredskap, norsk matproduksjon, gratis skulemat, mental helse, m.m.

Kanskje har lokallaga eigne emner som er viktige? Lag debattar eller andre aktivitetar for å visa kva bygdekvinnene står for.

I november pleier Rogaland Bygdekvinnelag å arrangere lokallagssamling. Dette året skal Noregs Bygdekvinnelag arrangere Inspirasjonsseminar på Sola 10.-12.november, og me vil føreslå for dykk å delta på dette i staden. Styret i Rogaland Bygdekvinnelag kjem til å vera representert, og me håpar at så mange av lokallaga som mogleg ser mon i å sende nokon til å vera med. Det er alltid veldig spanande og kjekt, det kan fleire av oss skrive under på.

Nok av ting som føregår. Her er det berre å hiva seg rundt, men først skal me ha ein fin og god sommar, og styret håpar de vil nyta den i fulle drag. Me snakcast til hausten.

*Helsing Astrid, Alice, Inga Lill, Margrete, Aslaug
GroMabel, Åse Berit og Marianne*



God sommar